



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Forvaltningssekretariatet for Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane

4230 SAND

Dykkar ref.

Vår ref.  
18/958-2 18/13297  
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:  
06.10.2018

## **UTTALE TIL «BESØKSSTRATEGI FOR SVR 2019-2025. HØYRINGSUTKAST»**

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Som del av prosess og medverknad til besøksstrategien har forvaltningssekretariatet gjennomført synfaringar og ei rekkje møter, blant anna med arbeidsutvalet i villreinnemnda 6.februar 2018. Arbeidsutvalet har seinare drøfta saka 17. september og 5. oktober.

I all hovudsak støttar arbeidsutvalet opp om forslaget til besøksstrategi. Me har følgjande kommentarar:

### Føremålet med vernet og besøksstrategien

Forstyrning av villrein frå ferdsel er eit reelt trugsmål mot villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde. Besøksstrategien sin omtale av villreininteressene og særskild sårbare område for villreinen viser eit godt kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for tydelege føringar og kanalisering av ferdsel.

Besøksstrategien skal syne kva tiltak som er naudsynt for å ta omsyn til både verneverdiar, dei besøkande og lokal verdiskaping. Ein sær s viktig føresetnad er at ein må prioritera verneformålet der det kan vere motstridane interesser. Dette ligg også som føring i Forvaltningsplanen for SVR: *«Dersom det er motstrid mellom å ta vare på verneverdiane på den eine sida og tilrettelegging for dei besøkande og lokal verdiskaping på den andre sida, skal det og ta vare på verneverdiane vege tyngst».*

Villrein er ein sentral del av verneføremålet i dei fleste verneområda (og brorparten av det samla vernearealet) saman med landskap og botanikk. Friluftsliv er ein del av verneføremålet berre i Frafjordheiane landskapsvernområde. Følgeleg må ein prioritere villreinen framfor å leggja til rette for auka ferdsel. I dei mest konfliktfylte områda må ein og sette inn tiltak for å redusere negativ påverknad frå ferdsel. Me tenker her særleg på dei områda som er peika ut som fokusområde av NINA: Vegen til Store Urar, Steinsbuskaret og riksveg 45 over Brokke -

---

Sekretariat:

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.

Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)

E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no). Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



Suleskard. Dette er sårbare villreinareal der det er konflikt mellom omsyn til villrein og menneskelig ferdsel/utbygging. Det er dokumentert at villreinen vike unna (barrierar) og at dette skapar store ringverknadar for korleis villreinen brukar heia (eller ikkje brukar store delar av heia). Besøksstrategien har fokus på desse utfordringane, noko arbeidsutvalet støttar.

Alle verneområde som inngår i besøksstrategien har altså ikkje villrein som del av verneføremålet. Me vil her minna om at dei likevel inngår i nasjonalt villreinområde eller omsynssone villrein i «Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei» (Heiplanen). Nokre område er også i omsynsone trekkområder (t.d. Vidmyr). Dette gir føringar. I nasjonalt villreinområde skal villreinens interesser tilleggas stor vekt i all arealforvaltning og saksbehandling. I omsynsone villrein gjeld mykje det same, men her kan det likevel tillatast noko meir aktivitet.

#### Sti og løypeplan for å kanalisere ferdsel

Fjellområda har lenge vore viktige for jakt, fiske og friluftsliv. Det er i dag eit visst press for å etablere nye turstiar og oppkøyrd skiløyper. Dette gjeld særleg som følgje av hytteutbygging i randområda.

Villreinen er ein sentral verneverdi i verneområda. Leveområda til villreinen (og verdien av villrein) går imidlertid utanfor vernegrensene. Eit sentralt grep for å kanalisere ferdsel med ei heilskapleg tilnærming er difor kommunale sti- og løypeplanar slik det er lagt opp til Heiplanen. I desse må alle stiar og løyper inngå, også Turistforeninga sitt rutenett og planar. Arbeidsutvalet støttar dei føringar og tiltak som besøksstrategien, og prosjektet Villreinfjellet som verdiskapar, her legg opp til. Villreinnemda vil gjere sitt for at kommunane skal kunne utarbeida/revidera gode sti og løypeplanar for ei mest mogleg heilskapleg forvaltning.

#### Innfallsportar

Etter nærare kriterier har verneområdestyre valt ut 13 innfallsportar der ein ønskjer å gjennomføre informasjon og tilretteleggingstiltak. Arbeidsutvalet i villreinnemda støtter opp om desse.

På grunn av at auka ferdsel kan vere i motstrid med villreinen og verneformålet, er vegen til Store Urar (Bykle) og Blåsjøvegen inn frå Suldal, ikkje blant dei utvalde innfallsportane. Trafikken inn til Store Urar har allereie negativ innverknad på villreinen sin trekkaktivitet i området. Blåsjøvegen kan lede besøkande heilt inn i Steinbuskardområdet kor ferdselen allereie er kritisk i høve til villreinen sine trekk i området. Som nemnt ovanfor er dette fokusområde der ein må jobbe for å redusere påverknaden på villreinen, ikkje motsett.

Eit område som ikkje er omtalt er Haukelifjell. Villreinnemda er kjend med at det har vore dialog med Stavanger turistforeining om informasjon om villrein på Haukeliseter. Her kan ein nå svært mange, også brukargrupper som lett kan forstyrre villreinen og villreintrekk. Me tenker då særleg på kitere som held til langs E134, men og ferdsle som går sørover og inn i verneområda. God informasjon på Haukeliseter kan vere med å dempe konflikten mellom ferdsle og villreinen. Verneområdestyret bør vurdere om Haukeliseter bør vere eit informasjonspunkt/innfallsport. I ei slik vurdering må ein drøfte om dette kan føre til auka ferdsel og belastning i sårbare område. Saka bør og tas opp og drøftast med forvaltningsmyndigheitene for Hardangervidda nasjonalpark.

Med vennleg helsing

Margit Smeland  
Leiar

Tommy Vatslid  
Nestleiar

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020 BERGEN
Fylkesmannen i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001 STAVANGER
Fylkesmannen i Telemark	Postboks 2603	3702 SKIEN